

Fra: Øystein Nordskog <oystein.nordskog@hent.no>
Sendt: mandag 6. januar 2020 09:08
Til: Kristin Karlbom Dahle
Emne: Innspel til rullering av kommuneplanens arealdel

Hei, og godt nytt år.

Eg vil gjerne koma med eit innspel til arbeidet med kommuneplanens arealdel for eigedomen min, g.nr. 18/115, Lifjellvegen 376. I gjeldande kommunedelplan er om lag halvparten av eigedomen markert som bustad, medan resten er markert som fritidsbustad i plankartet. Eg ynskjer at det som i dag er markert som fritidsbustad gjerast om til bustad, då det på sikt er tankar om å sette opp ein ny einebustad på den gamle tennisbanen. I og med at det er ordinære bustader på delar av eigedomen i dag, så vil det vera naturleg at heile eigedomen har same føremål. Ein ser og at det ikkje er marknad for fritidsbustader i dette området, så det er veldig lite realistisk at det vil vere aktuelt å benytte eigedomen til dette.

Eg vil og be om at den gjeldande reguleringsplanen for vegparsellen forbi eigedomen vert oppheva for alt som berører min eigedom, då føremålet i denne ikkje stemmer med det som er vist i kommunedelplanen.



Eg vil gjerne ha ein dialog med dykk om dette for å sikre at det kan byggast ein einebustad på eigedomen. Det vil og vere fornuftig å sjå på avkjørslene til eigedomen, samt sikring mot flaum frå dammen på oversida av vegen som er eit stadig problem for min eigedom.

Mvh
Øystein Nordskog
Lifjellvegen 376